Årsmelding frå oppmann
Ørsta IL Alpin
Sesongen 2019-2020

Ørsta alpin har så langt hatt ein god sesong og har ei stabil kjerne av aktive alpinistar. Løparane til Ørsta alpin har markert seg, og har synt godt igjen både i bakken og på resultatlistene. Gledeleg er det at framgangen til mange løparar har vore god. Alpin er ein individuell idrett, men ein blir ikkje god åleine. Det er viktig at vi tenkjer på å halde på dei aktive løparane vi har- vi treng ALLE!

Ein av dei eldste av våre aktive, Sondre Rekkedal Åmbakk, går siste året på skigymnas på Oppdal. Han køyrer FIS- renn og får verkeleg brynt seg mot dei aller beste i landet.

Felles barmarkstrening har ikkje vorte gjennomført i år, då alle dei aktive også er aktive på andre arenaer. Mange av alpinistane stilte opp på arrangementet “Over stokk og stein”, der alpingruppa stilte på dugnad. Artig arrangement der ungane fekk brynt seg skikkeleg. Elles så arrangerte vi Iron Man-samling for kretsen i august i den flotte hallen. Heilt perfekt å ha samlinga her!

Skisesongen starta i mai med kretssamling på Juvass. Trenarar på kretssamlingane har i år, som i fjor, vore Anders Huseby og Kai Grønningsæter. Dette har vore eit gode treningar med tilbod om mange skidagar. I tillegg har det vore tilbod om samlingar for U12 både på Juvass og Bjorli. Desse treningane er det Lars Olav Tvergrov som har hovudansvaret for.

I løpet av perioden juni- desember deltok løparane i klubben på mange samlingar. U14/16 hadde tilbod om mange samlingar, dei yngre nokre færre. Det vart vansklege forhald på Juvass med stengt anlegg fram til midten av september. Samlingane fram til midten av november vart haldne på Juvass. Etter dette har Ørsta Alpin stort sett trent på Bjorli i godt samarbeid med dei andre klubbane i Møre og Romsdal. Bondalseidet har ikkje vore ope enno denne sesongen. Vi har eit godt samarbeid med skisenteret i Hornindal og har fått trene der så fort det har vore tilhøve til det.

Ørsta Alpin har markert seg godt dette året både når det kjem til lokale renn, men også på landsplan. På SNØ-cup i Oslo i januar vart Mathea Stranden nummer to av jentene i U16 og vart med det plukka ut til å reise til Slovenia for å delta i Pokal Loka og delta på talentsamlinga til NSF i april. Mathea vart her nummer tre i slalom og fire i storslalom.

I Sparebanken Møre cup har Ørsta hatt mange gode plasseringar, mange har oppnådd nye mål og klatra på listene. Dette er veldig kjekt! Mathea Stranden og Henrik Stranden er krinsmeistrar i SG og SSL. Ariana Rebbestad har to sølv.

Vi har framleis nokre månader att av skisesongen og vi håper på betre forhold for trening. I mars går landsfinalen av stabelen på Norefjell. Dit reiser Tuva, Henrik og Anabelle. Veka etter er det hovudlandsfinale på Geilo og Ål som Patrick, Ariana, Marthe og Mathea skal delta på. Vi håper også å få kome i gong med skileik/Opelrekrutten snarast råd.

Dette har så langt vore ein god skisesong for Ørsta Alpin. Samarbeid, engasjement, utvikling og velvilje pregar alpingruppa. Dette gir både trivsel og resultat.

Tony Stranden, oppmann Ørsta alpin